



Søren de Fine von Krogh.

Denne mannen me skal minnst her er den *fyrste* kjende rogalending, eller kannhenda rettare sagt sunnhordlending, som hev nytta vårt norske folkemål på vers, det me veit um. Alt i 1747—52 skreiv presten *Knud Leem* ein bolk av Holbergs Kyrkjesoga um til bygdemål¹⁾, og frå 1793 hev me ei visa på berre tvo vers frå Stavanger av *Hans Monsen Winsnes*. Eit par viseprent frå 1700-talet, t. d.: „Reis Dæg Britha gak aad Strannaa“ og „Granne vils du høira Rygdaa“²⁾ hev me og, men veit ikkje kven dikteren er.

Søren Georg Daniel de Fine von Krogh er runnen av ei gamal adeleg ætt, som hev djupe røter i landet vårt og hev fostra mange namngjetne menn, som hev havt og hev høge umbod både her

¹⁾ Torleiv Hannaas: Norsk Aarbok 1923 s. 67 o. v.

²⁾ Syn og Segn 1917 s. 214.

i landet og utlandet, serleg er mange av ættingarne gjæve officerar, prestar, lærarar o. s. b., og ætti er no spreidd kring alt landet. Heimstaden deira er upphavleg frå Osterstade utanfyre byen Bremen i Tyskland, og dei fører ættleggen sin attende til år 1263. Med vissa til kring år 1400. Då ættartavla deira er prenta andre stader¹⁾ skal me her berre taka Krogh sin ættlegg i bein lina:

<i>Bernhard von Krogh</i> f. i Lybek . . . † 1676 i Nidaros. Kom 1644 til Dan- mark og som stadskaptein til Nidaros 1662.	gift 2dre gong med Alida von Bolten f. . . † 9. aug. 1688.
Georg Friderich von Krogh f. i Nidaros 1653 † som oberst i Bjørgvin 24. oktober 1721. Var mykje i utanlandsk her- tenesta.	gift 1ste gong „ Bergitte Christoffersdotter 1681 Munthe. f. 13. juli 1662, død 2. oktober 1696.
Christoph von Krogh f. 1. novbr. 1685. Vart oberst. Døydde i <i>Hogganvik</i> 18. januar 1752, gravlagd i Vikedal.	gift 2dre april „ Maria de Fine, 1721 i f. 1697 † i mai 1749, Fana kyrkja gravlagd i Vikedal.
Søren de Fine von Krogh f. i Hogganvik 1725. General- major 1787, † 11. febr. 1795, gravlagd i Vikedal.	gift 1ste gong „ Anna Maria Stockfleth, 1758 f. 1734 † 1. aug. 1769.
Gerhard Christoph von Krogh f. i Vikedal 19. mars 1764. Kaptein. Døydde 10. mai 1844 i Bjørgvin.	gift 21. novemb. „ Ulrika Frederikke Catharina 1793 von Barth, f. 18. novbr. 1769 † 21. oktober 1828 i Vikedal.
<i>Soren Georg Daniel de Fine von Krogh</i> f. i Vikedal 1796. † 14. oktbr. 1870, gravlagd i Flekkefjord.	gift 26. januar „ Dorothea Helene Bing, 1829 f. 22. februar 1805 † 23. mars 1887.

10 born.

Sameleis som faderen, skulde han verta officer, og som løytnant var han med på grensevakt i ufreden med Sverige 1811—1814 under oberst Staffelt. Han leid mykje vondt i krigen. Vart veikhelsa. Serleg brjostet var kleint. Fekk so ei liti etterløn av riket og tok avskil. Han budde no ei tid hjå faren, som i 1808 var flutta til Granvin. Dei var ein stor syskenflokk og måtte taka livet sameleis som

¹⁾ Danmarks Adels Aarbog 1898 s. 280 o. v.

bønderne herinne. Og hardangermålet kjem ender og då fram i dikti hans.

Frå 1819—29 budde han på Fjellberg, som huslærer hjå sokneprest August Meldahl Brun — brorson til biskopen i Bjørgvin — Johan Nordahl Brun. Krogh og Bruns var nærskyldte. Frå 1829 og nokre år frametter budde han på Halsnøy Kloster hjå Andreas Juel og var her m. a. huslærer for seinare stortingsmann Niels Juel. I 1837 vart han tollmann i Flekkefjord og vart seinare buande her.¹⁾

Krogh likte serleg å vera ilag med bondefolket. Han likna firmenningen sin Georg von Krogh²⁾ (1802—1841), Wergelands gode ven, i dette.

Han livde under same høve som vanlege bygdefolk. Stova han budde i på Halsnøy hev vore kalla „Krogstova“ til nye bilet. Han skulde m. a. vera ein rein meister til å skjota nisa.

Norsk mål hev han nok huglagt alt som gut. Dei vakre bygdemålsdikti som er gøynde, skreiv han i sine eldre år 1856—60, og dei er etla ungdomsvenen hans — prestedotteri på Fjellberg frk. Bernhardine Brun (1815—1876). Fram gjenom åri skreiv desse til kvarandre på det „søndhordlandske mål“. Han hev ellest skrive mange dikt på bokmålet, som er i ætti si eiga. Alle andar dei av varm kjærleik til land og folk, bonden og bondeyrket. At bygdemålsdikti vart gøynde, kann me takka avlidne professor *Marius Hægstad* fyre. Han fekk sonen, presten Søren von Krogh (1843—1928), å gjeva dei til universitetsbiblioteket i Oslo, der dei no er gøynde (Manuskript 4to nr. 1132).

Prentingi sker med løyve frå ætti. Bilætet me hev av Krogh er etter eit måleri av *Knut Både*, som ein av skyldfolket hans hr. byråchef Krogh, Oslo, eig.³⁾

Ordtyingar skulde vel vore med sume stader, men då skriftet er etla for det meste til rogalendingar, vil dei flestre skyna dei vandaste ordi. Ortografien er som i manuskriptet.

¹⁾ Han var her mykje med i fråhaldsarbeidet. Der er prenta eit fyredrag av honom.

²⁾ Det var til honom Wergeland skreiv sitt ovfagre minnekvede: „Er det ikke hjertelag, geni og ulykke, Gud giver udødelighedens fagreste krans“.

³⁾ Eit onnor bilæte av honom som eldre mann er prenta i stemneheftet til Rogalands ungdomslag 1928.

Anerkjendelse af Folkesproget.

Til
Frøken B. C. Brun
1856.

Ko æ da fø ein rare Slaat so læte?
Æg høire da aa Augo læ aa græte —
Da gripe mæg i Hjarta, Mærg aa Bein —
So ondalæg æ Laaten, veen aa rein.

Da æ net so æg haure Møllarguten
Mæ Huldrafelo leika onde Nuten, —
Æg kjænne atte dette gamla Jo,¹⁾
Daa heile Væro rundt ikring mæg lo.

Ko æ da fø ei Jenta, so ha fænje
Den samme Felo mæ dei jæve Strænje,
Mæ Tonar blautare æn Silkjeduun?
Æg trur ho stamma ne fraa Nordahl Brun.

Kor ve du hen, du kjolaklædte Storkar?
Du maa nok synja, spæla alt Du aarkar!
Æg veit Du brukar Nota aa Latin —
Æg bruka Folkavet aa Tankjen min.

Ja! i da gamla Spraakje, so me arva
Taa Kjæmpæetto, so ha Skjenne garva
Paa Skotten, daa han kom te Vaag aa Lom,
Me eige Størkje, Malm aa Liv aa Jom!¹⁾

Da ve me halda paa aa inkje slippa,
So lænje, so dei staa, dei stolte Klippa,
So lænje so ein Normann gla aa fri
Kan sönja so Svisvorto²⁾ uti Li.

Derfø Du jæve Jænta, ska Du sönja
I Folkamaale, so me ve forønja,
I Folkaspraakje, so fø Vaaggo læt,
Daa Badne første smilte der aa græt. —

Derfø Du nøtta ska den vena Gaava
Aa uti Saanjen Folkalive laava,
Aa lata Strænjen laata rundt kring Lann
Te Glæa fø den heile Bondestann!!!

¹⁾ Ljom. ²⁾ Måltrosti.

Pængakriso.

Ny Visa taa han Ola i Blaunuten.
Digta i den an Maan
i Aare akjon Hondra aa aattaaafemti.

Synjas mæ den Ton: „Lænje venta Laurdagkvællen eigaang kom.“

Øve heila Lande drog ei Farsot rundt,
Maange velde den kje spara;
Men fø adle Mann vart da kje lika vont:
Væste fø dei store Kara; —
Aa i heila Væro, kje ein Doktor fans,
Som forsto den rette Maate, rette Kans
Korleis Sykjo mæ
Adl si Sut aa Vee
Skulde rydjas utor Væjen? —

Hær forslo kje korkje Lærdom hælde Veet,
Inkje Tyrkaspraakje hælde; —
Idla Folkje rundt paa adle Kanta læt,
Heila Vælfæro da gjælde; —
Apotekje røkke no kje meira fram,
Krunæsensadraapa aa kje Malurtdram,
Beiske Pillar kje
Kan kureræ dæ —
Ka skal Folkje daa vel bruka?

Kæm ha haurt ei Røra før ha vaare slik
Mydlo adle Folk paa Joro?
Lite nøtta da aa vara stor aa rik,
Naar dær værte slik ei Moro. —
Pængane ve slettesinkje røkja te —
Mange store Banka sjaa me tomme æ. —
Kor ska daa dei Smaa
Skjelinjen vel faa,
Naar dei sjaa¹⁾ dei Store tryte?

Dei so ræktig kloke væra ve fortæl,
Kjøpmænno formøkje vaaga,
Bruka Papirvæxla uti Handelstæl,
Som da va ei gammal Tvaaga,
At dei ha før lite Gudl og Søll, aa Sligt,
Som i Vær kan staa mæ deiras Vara ligt; —

¹⁾ Sunnhordlansk . . . hja.

Me forstaar kje da,
Veet paa Sligt kje ha —
Noko maa vel gale vara?

Bankjen æ daa go, so stænd i Tronjæms By,¹⁾
Søll i Kjædlaren ska ligja —
Aa taa jæve Normans Ærlikkeit staar Ry;
Mote han om Inkje tigga.
Tio jabna Alt — ho jabna nok fø os —
Men fø Kjisto ve me sækja trufast Laas. —
Penga sløsa bort,
Duga inkje stort, —
Fø ein Dale maa me sveitta —

Fresk Mot, norske Guta! lat os Adle ha!
Seldo gjænge no mot Fjoro
Utor jupe Sjø letliva Kara ta
Store Rikdom op mæ Moro; —
Gadne da æ fint, aa Noto den æ stærk,
Aa naar da velsignas, detta Vintraværk,
Syta me kje ve!
Daa dæ røkke te,
Om me tæna lite heima. —

Aa Fjedlkarane, som bur i høga Nut,
Gutane i vena Lio, —
Me fø dei ve inkje hava noko Sut —
Dei nok stænde sæg i Tio. —
Grase væxe feit aa kjokt om deiras Støl,
Auren sprette uti klaare Elvahøl —
Kjokke Skojen staar,
Aa naar Slæen gaar,
Vinne Tømmerstokjen Penga. —

Guten som imydlo Fjedlo alas op,
Æ kje blaut i Kjæmpañeven —
Marg i Bein ha han aa ein firskaaren Krop,
Jento sete rau i Væven! —
Øxo Guten svinga, Jento Rokjen om —
Huusjeraa aa Klæa ataas Pænga kom. —
Lite Kjöpety
Henta dei fraa By —
Vadmele kan Kroppen værma.

¹⁾ Norges Bank vart fyrst 1907 flutt til Oslo.

Aa den Maten, som ho Matmor reia te,
Fraa Stabure fram ho henta. —
Gula Aakerkodne, fint da mala me, —
Nærig Lepsa baka Jenta. —
Smøre da æ feit aa Osten den æ stærk —
Faa me Øldrøk ataas, daa me gjære Værk
I vaar Haustadont,
Naar me svinga rondt
Mæ ein Liaa aa Sigd i Haando. —

Den som sete rondt om Sjøen paa nakna Strand,
Kaffikoppen gjædna sluka;
Jomfrukjole tæke Jento dær i Haand,
Kneplinga aa Silkje bruka;
Ha dei injo Pænga uti Kjisto si —
Dei alikavel da inkje læte bli, —
Uti Krambua
Daa dei borga da,
Sokka naar dei ska betala.

Kvar sin Sjik lyt følja uti Stas aa Bram —
Me ve inkje Nokon lasta. —
Men me trur, den kjæme bæst te Maale fram,
Som alt Daakkespæl forkasta. —
Her imydle staute Fjedl me vaxa ut —
Mot i Bringo, Mærg i Beino har kvar Gut,
Bædste ælskas op
Baae Sjæl aa Krop,
Naar vaart eie Land os mætta. —

Me ve derfø Adle lata Kroppen te,
Vælt Stein aa Torvo venda,
Rydja Garen op, forædla Faar aa Fæ,
Daa vel da me Tio hænda,
At me Levemaaten sjølve tvinga ut
Taa den svart Moldo onde Li aa Nut.
Feite Buskap daa
Ska i Grase gaa,
Smør aa Ost aa Kjöt os bringa. —

Godt me vilja leva, Noko bringa mæ
Te Kjöpstaen fø aa selja;
Daa me tæke fram da adlalikaste,
Læte Bymann dari vælja. —

Ha han Pænga ha me gjilde Bjødleku —
 Ha han Kjøpety so ha me Mat i Bu —
 Byta ska me daa,
 Noko korjo faa; —
 Adle æ me dermæ tænte.

Lat so Pængakriso komma nok eingaang —
 Skulen ha me gjænje gjøno. —
 Vetug Mann ve inkje gjæra slike Spraang,
 At han tapa heile Løno. —
 Kvar ve passa paa aa stædla sæg saa godt,
 Handelsmann i Krambu, Herremann i Slot,
 Bonden paa si Jor,
 Adle stø i Or,
 Stræva rondt om høge Fjedlo.

Fre me ha mæ Adle. — Blo aa Mannadrap,
 Skaffa Sorg aa lite Moro; —
 Men ifadl da gjælde, Normann i Truskap
 Ingjen øvegjæk paa Joro.
 Mote ha me arva taa ei stærke Æt,
 Svære svinga me i Slaje høgt aa let; —
 Augo gnistra daa,
 Som Ljunælden blaa,
 Naar i Lokto Toro ramla. —

Stola Konjen kan paa detta Truskapsfolk,
 Om da skulde liota prøvas; —
 Om ein Røvar kom med Spjut, Strisøx aa Dolk,
 Mæ forsvar der ska kje tøvas. —
 Hjarta klappa varmt i Bringo her i Nor —
 Ingjen gløime Eien, som han Konjen svor. —
 Dovregutane
 Æ kje spøkja mæ,
 Naar da gjælde Blo aa tappa!

Æ der nokon, som paa detta tvila ve
 Den lyt Krønijkjen studera!
 Synja Zinklarviso — hu æ endaa te —
 Gamla Tapperheit te Æra. —
 Prestaakaano mæ Klokskap aa Løvamot
 Svinga sæg i Stakjen paa ein snædden Fot
 Daa hu reidde te
 Fø Søllatrane
 Som vaar Størkje vilde prøva. —¹⁾

¹⁾ Han siktar til prestefruva Anna Colbjørnsdotter på Norderhov 1716.

Staute Kara gjæk paa baee Sier aaf
 Kjølen mæ den høga Bringo —
 Lokko baee Folkje skjænkte Venskapslov —
 Arm i Arm me vandra kringo —
 Arm i Arm me kjæmpa ve paa Sjø aa Lann!
 Leva Konjen! Loven! aa kvar ærlæg Mann!
 Øve fredlæg Dal,
 Øve Svær paa Val
 Brorskapsfano evig veifta!!!

A t t e p a a s a a n g .

Lænje kom æg te aa masa dennagaang,
 Alt fø longe vart no Viso; —
 Meininjo alleina va, i denne Saang
 Laata lidt om Pængakriso; —
 Men so vart æg uti Haaveskaalo heit,
 Aa da eina Rime i da andra beit,
 Saa at Laajen kom
 Laangt aa via om,
 Kvikna Haap aa vakte Minne.

Fleire en han Ola gjæk da likaleis,
 Naar dei velde Strenjen gripa; —
 Stansa vene Laaten netop paa halvveis,
 Spælemannen sæt i Knipa.
 Geisto svinga sæg omkring i Suus og Duus
 Aaf da eina i da andra Feleehuus —
 Yve ørnas bort
 Naar da fære fort
 Mydlo Hemmelen aa Joro. —

Naar han Ola tomla dær paa Vingagamp,
 Øve Blommadal aa Lio,
 Drøime han sæg bort imydlo Røik aa Damp
 Maange hondra Aar i Tio,
 Høire Skraale i da fæla Resaslag —
 Ong aa gammal æ han paa slik Høgtisdag —
 Synge, — spæla vildt —
 Solo straala mildt
 Øve heile Tonastraumen. —

Kvar æ gla i Sit, han Ola gla i Saang,
 Gla i Konjen aa i Lanne; —
 Hjarta ofta høgt i Bringo paa han spraang,
 Naar imydlo Ven aa Granne
 Menne stæmte i eit hærlægt Kjæmpeqva —

Aa naar Ven aa Granne gjædna haure da,
 Han fraa Ot¹⁾ te Qvæl
 Song mæ Liv aa Sjæl. —
 Bære æ da en aa graata.

[I manuskriptet finns ei lang lista med ordtydingar til alle bygdemåls ord i dette diktet, som me ikkje hev rom til å prenta her].

Attejome²⁾

fraa den gamle Løtman te Saangarjænto paa Fjælberøino
 av

Sjyttarkonjen mæ Handalansjøn

Den 8de Januar 1858.

Mel. Lænje venta Laurdagsqvællen eigaang kom.
 Nei! dei kan no seia ko dei seia ve,
 Spæle paa Lansfelo minne; —
 Men sjaa mæg da røkke slettesinkje te —
 Æg ha inkje Laaten inne.
 Byveete, mæ adl si Utalansrørpaa,
 Lyt i Svaanjen reint i Attehando staa; —
 Dei kan bøsta³⁾ sæg
 Saa dei ve fø mæg
 Men da skurra fø mit Øira. —

Var der slik ein Klaang aa Malm i Saang og Or,
 Va det slike reine Tanka,
 Saa der gjønno Laaten in i Barmen foer,
 Naar Luurjom i Lio vanka,
 Naar ein Vossarudl i Staavo floug rontom,
 Aa naar Springdansen ataat detta kom?
 Nei! dei kan nok ta
 Klaverspæle — ka
 Æ vel dette fø eit Bulder? —

Gripe da mi Sjæl mæ slikt eit Résatak,
 Saa den reine Haringslaatten?
 Æ der slik ei Letta, sovor Fagnasmak
 Uti Løstigheit aa Laatten,
 Som naar Huldrajoe tona mæg imot?
 Der æ Blomakruna, der æ Kjemparot!
 Æ der sovor Kraft
 Av saa søt ei Saft
 Uti Tyskefelostrænjen?

¹⁾ Morgonen. ²⁾ Atterljom. ³⁾ Gjera motburd, motmæle.

Net saa Haringfelo Harpestrænjen saang,
 Naar den jæva Fjælberjento
 Lea Strænjen, som i Høgalofte haang;
 Alt fø høgt fø Bymansfænto;¹⁾ —
 Men æg lyte takka dæg, saa got æg kan,
 Fø den Viso om den jæve Sjytterman,
 Som paa Handalan,
 Tæt mæ Sjo aa Stran,
 Sete i den raua Staavo!

Aldræ ha ei Visa vore mæg meir kjær,
 Da kan æg paa Æra seia. —
 Stondo Hjarta græte, stondo Auga lær
 Naar æg minnes kor me veia; —
 Beje va me Guta, som daa sto paa Maal. —
 Henrek støt — men Løtman gav kje Taal --
 Naar ei Nisa kom
 Aa seg tomla om
 Baaten, som paa Kjølen vaagga. —

Hessige vart Løtman alt fø ofta daa —
 Henrek, stø i Armen retta;
 Løtman taatte da va løie skoa paa —
 Bloe høgt i Lokto sprætta.
 Smal da — laag den Feita²⁾ alti stidl aa dau —
 Baaten let me springa, Vendinjo va snau
 Bæsto²⁾ maatte in
 Uti Storm aa Vin —
 Bøljo Skaate inkje hindra.

Stondo va no Sjøen stidle saa eit Speil
 Aa daa saag me Niso flota;
 Skam da va om Skaate daa fø oss jæk feil
 Rondt om henna daa me skota.
 Veiaskjælto³⁾ kneip daa Laangepæren so —
 At han respa Ryjen⁴⁾, aa der kom bært Blod.
 Daa han Henrek lo,
 Aa skaut ofta to,
 Mens hinn Haare reiv taa Haave.

Men i Vintrafisje va kje Sol aa Vaar —
 Lommaflasko maatte renna
 Uti Storm aa Snøfaak konde vel ein Taar

¹⁾ Bygjenta. Bydama. ²⁾ D. v. s. Nisa. ³⁾ Veide-redsla. ⁴⁾ Skotet rispa berre i ryggen.

Størkja Haando, Mote spennna; —
 Aa i Vendingo me vart daa meira snau
 Den faar Inkjevætta som æ lat aa dau
 Færakara kan
 Nok sæg gripa an,
 Naar da gjælde Dalen tena.

Vart me svultne tok me Nistebombo fat
 Kaka hadde me aa Læpsa
 Naar me stondo slæpte baae Dag aa Nat
 Kunde me nok Maten glæpsa,
 Nætsaa Strubben naar han Takje fær i Lam —
 Aa da va no inkje korkje Synd aa Skam,
 Om soleisne me
 Maten slutte ne
 Fø aa venta snøgge færige.

Gamle Gubba æ me vortne Bejeto; —
 Men me gløime kje qvarare —
 Altslag Ende faar — no leva me i Ro —
 Kan kje vara meir saa snare; —
 Men saalenje Hjarta slær i Bringo vaar,
 Mennes alti me dei maange jose¹⁾ Aar,
 Som æ laupne bort,
 Som ein Lynnæld fort,
 Kjæme aldri meire atte. —

Gløima ve me Tape, tænkja paa ein Dag,
 Som ska adle Kjære samla. —
 Nøtta inkje gaa mæ altfø møkje Nag
 Her i Væro kring aa famla; —
 Eigaang faa me høira vena Englalaat,
 Kor kje Hjarta sokka, Augo stansa Graat,
 Live æ ein Draum,
 Renna som ein Straum
 Aa paa Skomme bort me flota. —

Men no verte Viso alt fø laang, æg seer —
 Halda op æg maa kje gløima!
 Fjælberjento, Sjyttarkonjen føst æg beer
 Detta Qva i Skaape gjøima!!
 Stundo kan da qvikna op da gamle Blo,
 Naar me mennes kor me rodde, skaut aa lo. —
 Trufast Haantak æg
 Rækje Han aa Dæg!!
 Dærmæ ve æg Saanjen stansa.

¹⁾ Ljøsse.

Te mi Søste i Aando

(²⁰/₁₂—1859).

Æg æ no aa værte den sammaslags Mann,
 So æg adle Daga ha vaare —
 Paa Gammeldagsmaale æg bæst masa kan,
 Aa rima æg lyte te Ore.
 Aa da æ ei Sykja, so føle mi Pænn;
 Men da hu tegjeve, mi Søste so veen,
 Dær Harpo sjøl røre so liflæg.

Da hjelpe sletinkje ko Mari ha sagt
 Te Dotter mi borte i Bæren;¹⁾ —
 Dær henge i Rime ei ondalæg Magt
 Fø den so ha udstae Læren; —
 Da letta aa kvikna kvær Tankje aa Or
 Aa læte kaan gløima adl Sorjo paa Jor
 Den Stondo me leika paa Luren.

Kvifø sje me daa hænja Harpo paa Væg
 Aa snøra kaans Hjarta tehopa?
 Nei! bære da passa fø mæg aa fø dæg
 Mæ Baajen paa Strænjene sopa —
 Aa hælste naar Sorjo me daa gløime kan
 Aa vara ei letliva Jenta aa Mann
 Den Stondo me drøime i Saanjen.

Aa Live da æ no desutan ein Draum —
 Dei Flæstre paa Suto si syte —
 Janstauen dei vexla mæ Spøto aa Saum
 Aa Gudle mæ Kaaparen byte.
 Da gjælde so lite aa eiga ein Skolt —
 Men Sjælingen værte den stærkaste Bolt,
 So hælde kaan faste i Straumen.

Taa denne dær vart inkje maange fø Dæg,
 Aa Veete maa nøias med lite —
 Aa aldræg dei røkke tefulnar fø mæg,
 So lite i Feite me bite.
 Men Flokjen va store aa Tio va vond
 Aa Lasse va større en adle dei Pond
 Der rudla i Ponjen te Gubben.

¹⁾ Bjørgvin.

Dei Jomfruer briste i Silkje aa Stas
 Sæg svinga med adle dei Are,
 Aa Læren fø Saanene va inkje Spas,
 Dei Skuleaar va inkje snare.
 I Levande Spraakje den Ælste gjæk fram —
 Dei Daue den Øngste kje dyrka mæ Skam,
 Aa Præstmann han gjædne ve vara.

Den Gamle so sjøl altfø lite ha lært
 Han konde kje Hjarta tesnøra; —
 Han lætta paa Væsko aa fant da va vært
 Aa slæppa alt Sølle paa Døra.
 Men Slompen va liten aa Ponjen blei tom —
 Aa Rækninga fleire enn Sjælinga kom —
 Aa Børo blei tonge aa bæra.

Men Han, so ha Kræfte te bæra den Jor,
 Der svinga sæg lause i Lokto,
 Han lætta nok onde, om Børo æ stor
 Han hælde i Endi aa Bokto.
 Me inkje kan gjæra utaa auko¹⁾ sjøl
 Da hjelp inkje korkje mæ Gudl hælde Søll
 Naar Døro æ læste deroppe.

Mæ denna Erfaring me bygja daa ve
 Paa Haape aa Truo aa Ore;
 Den Vilje so ligge i detta, maa skje
 Mæ Fattige, Rike aa Store. —
 Aa Fattige æ me daa Adle i Gron
 Da Heila me laana ei ørlito Ston
 Aa lyte levera tilbaka.

Men Ræknskapen æ no kje dærmæ føbi,
 Me veta mæn oftaste gløime; —
 Me vilja so gjædna kaan sjøl gjæra fri,
 Om Faaren aa Enden kje drøima. —
 Aa daa æ da godt, at me vækjar mæ Slag
 Aa sjaa ka me æ, naar da gjælde den Dag,
 So Ingjen kan onfly tesluten. —

Me Rise maa kjøssa aa krupa te Kors —
 Da tæna i Naua kaan bæste. —
 I Ongdommen Viisdommen sto kje terors

¹⁾ Handangermål — oss.

Me tænkte fø lite aa læste.
 Mæn borte er borte, aa Tio forlaup
 Darfø der ei Taara so ofta no draup
 Men denna kje drype forgjæves.

Den gjære kaan¹⁾ vakne i Bøno aa ha
 Fø Hjarta ei lagande Gaava,
 Den bære ei Frogt, der kan tæna kaan bra,
 Aa Lætte i Sorjo den lova
 I Bøno der gjære kaan heite so Æll
 Aa minne Kaan om, at me eiga ei Sjæl,
 So kje høire heima i Tio.

So lat den daa rænna! den stansa eingaang
 Naar Solo ska klaarare brænna —
 Min Tankje mæ Rime aa mæ denna Saang,
 Va te Dæg ei Bøn aa framsenna.
 Aa Bøno æ denna: Følaat mæg paa Jor,
 At æg kje paa denna ha vore den Bror
 I Gjerningjo, so da sæg høvde! —

Æg veit ka æg plikta aa skulluge va
 Min bæste Vælgjærar i Væro;
 Og føle tefulna, at da æ kje bra
 Aa løna mæ Inkje fø Æro.
 Eigaang va æg Busse, daa Pligto blei gløymt —
 No Magto æ borte aa Tio bortdrøimt
 Førseint æ æg ret vaarte vakjen. —

Tegje mæg, mi Søste! aa gløim adle Feil!
 Dei vremla so Stjødne paa Hemlen —
 Rætfærdigheitbunaen æ inkje heil
 Sjaa Nokon — næi! sletinkje Stremlen
 Me leita kan gjædna — dær fans kje ein Plæt,
 So reine æ vorten aa hæve den Leet,
 So Uskullo bar føre Fadle

Men aangra me lyte den heila Adfær
 Aa liggja paa Knæo i Bøno! —
 Me konna kje anna — me Inkje ha hæer
 I Gjerninjo, so venne Løno. —
 Nei! Ondegaang vart da fø Kvar aa fø Ein,
 Naar Han, so aleina paa Joro va rein
 Kje Ormen av Støve opløfta!

¹⁾ Dykk.

So lat kaan daa gripa den trufaste Haann,
 Dar strækje sæg ut ette Adle!
 Aa lat kaan mæ Hjarta, mæ Sjæl aa mæ Aann
 I Høgtio høira paa Kadle!
 Me Veta kje naar me ska stansa vaar Gaang?
 Aa slutta mæ Sok aa mæ Bønn aa mæ Saang?
 Loksalæg daa værta vaar Ende!!!

Ola i Blaunuten te Maajen sen

Juulafto 1859.

Dær labba i Bæren ein Julagriis,
 Aa den æ no inkje fø Katten;
 Paa denne æg sæte ein høge Priis,
 Ja meir en paa Trekantthatten.
 Æg hjalp mæg føutan i sexti Aar —
 No stænde æg alt mæ sølkruna Haar
 Aa bæste mæg passa Nathuo.

Dær spanka so maangen ein brisen Kar
 Mæ Hatten paa snei her i Væro;
 Men stondo den Skadlen so Stasen bar
 kje svarte te Bunan aa Æro.
 Da raka kje mæg kaa dei finne paa —
 So lænje æg sjøl kan paa Beino staa
 Æg bokka mæg inkje fø Skjenne. —

Men Væro den æ no saa ondalæ
 Aa Folkje dei renne i Skoddo;
 Imydlo Smaasaue aa store Fæ.
 Dei dansa paa Klakjen mæ Broddo.
 Aa stondo dei dompa i hondraviis. —
 Før svinga dei sæg paa ein trufast Iis
 Paa Skjæise — aa daa sto dei rætte,

Men sjaa hine Gamle va Mærg i Bein
 Aa Veete i Skadlen derinne,
 Aa Mote i Bringo, so Malm aa Stein,
 Aa Trufastheit va der i Sinne,
 Aa Sjælinjen, so daa i Ponjen kom,
 Sat faste so Paven ingaang i Rom;
 Ja! daa va der Tier aa leva!

Men detta va no inkje Sakjo just
 Korom æg i Viso ve masa. —
 Der veifta i Bringo ein løien Pust —
 Fraa Hjarta den kom — da kje spasa —
 Aa detta va Gamlinjens Kjærlægheit
 Te Grisen, so ingaang ve værta feit,
 Taa Ole aa Kako i Bæren.

Han smat in i Væro fø sextan Aar
 Aa ralla so veent, so ei Fela;
 No han so ei Blomma i Vaaren staar
 Mæ Haape i Sinne aa spæla. —
 Han spæla paa Tysk aa paa Græsk aa Latin
 Aa grynta paa Fransk — æ so levande fiin
 Aa ranke so Grano i Skojen

Hær heima i Reire vart tomt daa han
 Flaug bort, aa dei Gamle daa sokka;
 Men naar dei daa tænkje: „Han værte Mann”,
 Daa sømme da inkje aa pokka,
 Daa ljøsna da inne i Hjarta aa Sjæl,
 Daa sjunga me høgtisfuldt i Julaqvæl
 Om Gaavo, saa Qvællen os skjænkte.

Ja! signa no vara den Gaavo go,
 Den Gaavo, so aldræg me gløime!
 Velsigna aa vara dei gjæve To,
 So Skatten ve pleia aa gjøima!
 Me sprætta no Kaggjen aa mæ godt Maal
 Fø Vennene tømme ei kraftæg Skaal!
 Go Lokka me ønsje fø Adle!!!

Te Saangarinno paa Øino

1ste Marts 1860.

Saa hadde Du daa inkje gløimt
 Dæn gamle Mann mæ Luren,
 Dær ofta vakjen sæg har drøimt
 Noronde Kjørkjemuren,
 Aa i da vena Huldraspæl
 Ha klaga Længslo i si Sjæl
 Saa der va eigaang heima.

Qvar Blom paa Joro visna aaf
 Aa Ungdomssolo dala;
 Men Menne¹⁾ ha daa fænje Lov
 Om gammal Ti aa tala.
 Aa om daa Hjarta stondo blør
 Aa me taa Savne værte ør,
 Me ve da inkje møssa. —

Lat Taaro rudla kon dærne
 Da æ ei gjæve Perla —
 Æg hælde graata ve æn læ,
 Naar ei uskuldig Erla
 Mæg varsla Vaar aa Gras aa Blom; —
 Men Vaar te Snø æ vexla om,
 Aa Rosene æ borte.

I Vintradalen — jupt i dæn —
 Æg skoa øve Fjædle.
 Aa Stjødno dræge Tankjen hæn
 Te Dajen, saa kje hædle
 Da qvita Svøip om høge Nut
 Ha slætta adle Skrukke ut —
 Da Alt ve eingaang jabna.

Me kom kje in i Væro hær
 Fø bærre Blom aa plokka —
 Da maange jorne²⁾ Frukte bær,
 At hjarta stondo sokka.
 Saa lænje Alting jænge glat
 Mæ Solskjen, utan Sjy aa Nat
 Viaapen Faaren trua

Da smaka væl kje Kjøt aa Blo,
 At me fø Korse knæla;
 Mæn dæn, saa heila Tio lo,
 Kan Kruno læt bortspæla. —
 Aa drøima adle Daga bort
 I Suus aa Duus — da Spæl æ stort —
 Fø dette maa me skjælva.

Æg Augene ha fænje op —
 Fø da kje sjøl mæg takka —
 Eit Jo³⁾ i Bringo ropa: „Stop!”

¹⁾ Minnet. ²⁾ Mogne. ³⁾ Ljod.

„Da langt paa Dajen lakka —
 „Du lyte sjaa dæg bære om!
 „Betænk at Væro æ saa tom —
 „Aa Inkje ha aa lova!”

Ja! hær me stænde paa ein lis,
 Saa briste fø me varas —
 Aa borte æ da Paradiis,
 Korom dær os føklarar. —
 Da reina Bælte, saa ompandt
 Dæn klaare Hemmeldiamant
 Ha Syndo reve sonde

Besmetta staa me Qvar aa Ein,
 Da kjenne me herinne.
 Men Væro tykje den æ rein
 Aa inkje Gale finne
 Ho vakna vel eigaang te Graat —
 Teslut da gaar kje aaf mæ Laat —
 Da seie Vet aa Ore.

Te da me Haape søkja ve
 Aa halda fast paa Bøno!
 Naar Solo eigaang glie ne —
 Daa stige Naadeløno
 Aa lættar Syndabøro aaf
 Aa pris aa Æra, Tak aa Lov
 Dæn Frælstæ daa istæmme.

Du seer at Alvaar læte no
 Igjøno Harpestrænjen
 Æg tru me møtas bæst, me To
 Mæ da paa Tonevænjen.
 Paa Summerdajen Spas aa Laatt
 Me totte stondo smagte godt,
 Naar Blom i Skojen dufta.

Daa Luren flætta me ihop
 Mæ Smil i Ongdomstio
 Mæns Tankjen vogde sæg paa Top
 Høgt op i Bjørkelio —
 Lat Saanjen sviv om grøne Blom
 No hængje Laue visna om
 Sølvløkjen aa om Strænjen.